

 vegtilsynet

# Tilsynsrapport

sak 2023-01

Vinterplan

Statens vegvesen

<b>Saksnummer</b>	2023-01
<b>Publiseringsdato</b>	05.05.2023
<b>Tilsynslag</b>	Nina Hagen, tilsynsleiar Sverre Slettemark, fagrevisor veg Ingrid Dagestad Rolland, fagrevisor veg Ida Blomhoff Pedersen, fagrevisor juridisk
<b>Tilsynspart</b>	Statens vegvesen

## Om rapporten

Denne rapporten er basert på tilsyn i Statens vegvesen. Tilsynssaka omhandlar utarbeiding av vinterplan og gjennomføring av møte i samband med vinterdrift.

Rapporten inneheld ei oppsummering av tilsynet og ein presentasjon av tilsynsfunn.

Tilsynspart skal innan fastsett frist kome med tilbakemelding på korleis avvika vil verte handtert, saman med ein tidsplan for gjennomføring. På bakgrunn av denne tilbakemeldinga vil Vegtilsynet vurdere vidare oppfølging, eller lukking av saka.

Vegard Hansen  
direktør

Nina Hagen  
tilsynsleiar

*Rapporten er godkjent elektronisk og har ingen signatur.*

## Samandrag

For å sikre trafikktryggleiken og framkomst på vegen om vinteren, har Statens vegvesen fastsett standardkrav for vinterdrifta. Standardkrava dannar grunnlaget for driftskontraktar som vert inngått mellom Statens vegvesen som byggherre og entreprenørane som utfører vinterdriftsoppgåvene. Vegtilsynet sitt mål med tilsynet har vore å undersøke om Statens vegvesen sikrar at kontraktskrava til utarbeiding av vinterplan og til gjennomføring av møte i samband med vinterdrift vert følgt.

Vegtilsynet har undersøkt 22 driftskontraktar inngått etter 01.01.2020. Undersøkinga og datainnhentinga er avgrensa til vintersesongen 2022/2023.

Samla sett viste tilsynssaka at Statens vegvesen i hovudsak sikrar at kontraktskrava til vinterplan vert følgt. Alle vinterplanar vert mottatt, gjennomgått og kommentert, men åtte av 22 planar vart mottatt etter frist. Det er viktig at vinterplanar vert mottatt innan frist slik at vurdering og eventuelle tilpassingar i planane kan gjerast før vintersesongen startar.

Tilsynssaka viste vidare at kontraktskrava til gjennomføring av vintermøte og vinterplanmøte i hovudsak vert følgt. Dei fleste vinterplanmøta og alle vintermøta vart gjennomført, men 15 av 22 referat frå vintermøte vart mottekne etter frist. For vintermøta før første vintersesong viste tilsynssaka at dei fleste møta var gjennomført, men at det mangla fleire referat. Vintermøta er viktig for å sikre at dei som skal utføre vinterdriftsoppgåvene har fått ein gjennomgang av sentrale punkt ved vinterdrifta. Vinterplanmøta er viktig for å sikre at driftsleiinga hjå entreprenør og byggeleiinga hjå byggherre får felles forståing for vinterdrifta.

Vegtilsynet har funne to avvik som vil verte følgt opp med Statens vegvesen:

- Statens vegvesen har ikkje mottatt alle vinterplanar innan fastsett frist.
- Statens vegvesen har ikkje mottatt alle referat frå vintermøte innan fastsett frist.

# Innhold

1. Bakgrunn .....	5
2. Mål og problemstillinger .....	7
3. Gjennomføring og metode .....	9
4. Tilsynsresultat .....	11
5. Konklusjon.....	21
Vedlegg 1: Driftskontraktar i utvalet.....	22

# 1. Bakgrunn

Drifta av vegnettet om vinteren har stor betydning for framkome og trafikktryggleik på vegane. Vegeigar må sørge for at vinterdriftsoppgåver vert gjennomført slik at trafikktryggleiken vert ivareteken for alle trafikantgrupper, uavhengig av vêr- og føreforhold. Av Statens vegvesen sin *Gjennomføringsplan 2022-2027*, kan ein lese at drift omfattar «oppgaver og rutiner som er nødvendig for at veiene skal fungere godt for trafikantenes daglige bruk» og at utfordringane «er størst om vinteren, med snørydding/brøyting og tiltak for å betre friksjonen».<sup>1</sup>

Forskning<sup>2</sup> viser at ulykkesrisikoen som regel er høgare på snø og isdekke enn på tørr, bar veg grunna lågare friksjon, men grunna lågare fart er ulykkene er ofte mindre alvorlege. Ulykkesstatistikk<sup>3</sup>, rapportar frå Statens vegvesens ulykkesanalysegrupper (UAG) og rapportar frå Statens havarikommisjon (SHK) viser at av dei variable vegforholda som medverkar til ulukker, skil føreforhold med is/snø seg klart ut som ein faktor som medverkar til mange dødsulykker.

SHK-rapport nr. 2021-02 *Rapport om møteulykke ved Snåsa* og Sikkerhetstilråding VEI nr. 2021/05T omhandlar ei ulukke som inntreffe i vintersesong. Undersøkingane viste mellom anna at kontraktskrav knytt til vinterplan ikkje var oppfylt og at det «utover byggemøter, samt eventuelle stikkprøvekontroller og friksjonsmålinger, ikke har blitt etablert andre systematiske aktiviteter i regi av Statens vegvesen for å følge opp kontraktskrav til vinterdrift».

Vinterdrifta på riksvegnettet gjennomførast ved kontraktar mellom Statens vegvesen og entreprenørar, der entreprenørar mellom anna ivaretek eigenkontroll og Statens vegvesen utfører stikkprøvekontroll. Statens vegvesen og entreprenørane skal arbeide for å få ei felles målsetjing om optimal trafikktryggleik og framkome for trafikantane.

Vinterdriftsoppgåvene vert uført av entreprenørar i dei enkelte kontraktsområda. Driftskontraktane har normalt ein varigheit på fem år, ofte med opsjon på ei viss forlenging.

---

<sup>1</sup> <https://www.vegvesen.no/fag/fokusomrader/nasjonal-transportplan/gjennomforingsplan-2022-2027/drift-og-vedlikehold-av-riksveier/>

<sup>2</sup> <https://www.tshandbok.no/del-2/2-vegvedlikehold/doc644/?highlight=sn%C3%B8dekke>

<sup>3</sup> <https://www.vegvesen.no/fag/fokusomrader/trafikksikkerhet/ulykkesdata/analyse-av-dodsulykker-uag/>

I driftskontraktane har Statens vegvesen mellom anna stilt krav til entreprenør om å etablere og vedlikehalde ulike leiingssystem og planverk.<sup>4</sup> Ein av planane som Statens vegvesen krev at entreprenør skal utarbeide, er vinterplan. Vinterplanen skal utarbeidast årleg, og det er stilt bestemte krav til innhald. Statens vegvesen, som byggherre, skal ved mottak av planen gå gjennom denne og gje eventuelle kommentarar til innhaldet. Av Statens vegvesen sine eigne krav går det fram at gjennomgangen «reduserer ikke entreprenørens ansvar for resultatet ved gjennomføring av kontraktsarbeidet»<sup>5</sup>, men har som hensikt å «[s]ikre at entreprenør har etablert fullverdige planer og prosedyrer som gir trygghet for leveranse iht. kontraktens bestemmelser».<sup>6</sup>

Det går vidare fram av driftskontraktane at Statens vegvesen krev at det skal vere gjennomført to typar møte før kvar vintersesong.<sup>7</sup> Det er både stilt krav til kven som deltek og tema for møta, der eit sentralt tema er vinterplanen. For nyoppstarta kontraktar er det i tillegg stilt krav om gjennomføring av eit ytterlegare vintermøte før kontraktens første vintersesong, og tema for møtet.

Vegtilsynet vil med bakgrunn i dette undersøke om Statens vegvesen sikrar at kontraktskrava til utarbeiding av vinterplan og gjennomføring av vintermøte og vinterplanmøte i samband med vinterdrift vert følgt.

---

<sup>4</sup> Driftskontraktane del C *Kontraksbestemmelser*, kapittel C3 *Spesielle kontraktsbestemmelser*, punkt 8 *Styring av kontrakten – Ledelsessystem med tilhørende planer*

<sup>5</sup> kapittel C3 *Spesielle kontraktsbestemmelser*, punkt 8.1 *Krav til ledelsessystem for kvalitet, arbeidsmiljø og miljø*

<sup>6</sup> Prosessen «Følgje opp og styre kontrakt – drift», under aktiviteten «Vurdere entreprenørens planer og prosedyrer» i Statens vegvesens kvalitetssystem

<sup>7</sup> Vintermøte og vinterplanmøte, sjå Omgrepsbruk i kapittel 2.

## 2. Mål og problemstillingar

Målet med tilsynet har vore å undersøke om Statens vegvesen sikrar at kontraktskrava til utarbeiding av vinterplan og til gjennomføring av møte i samband med vinterdrift vert følgt.

For å undersøke dette har Vegtilsynet sett på følgjande to problemstillingar:

### **Problemstilling 1**

Sikrar Statens vegvesen at kontraktskrav til vinterplan vert følgt.

### **Problemstilling 2**

Sikrar Statens vegvesen at kontraktskrav til møte i samband med oppstart av vinterdrift vert følgt.

### **Avgrensing**

Det følger av veglova § 11 b at verksemda har plikt til å bruke sitt eige styringssystem. I denne saka har Vegtilsynet undersøkt om krav i styringssystemet vert følgt, og det er tatt utgangspunkt i krav som framgår av Statens vegvesens *Kvalitetssystem* og krav i driftskontraktane. Vegtilsynet har ikkje gjort ei vurdering av om krava som er sett er eigna. Ytterlegare avgrensingar i undersøkingane går fram av kapittel 4.

### **Omgrepsbruk**

Vinterplan: Plan som entreprenør utarbeider som skal vise korleis entreprenøren i driftskontrakta skal planleggje, organisere og utføre vinterdrifta.<sup>8</sup>

Vinterplanmøte: Møte som Statens vegvesen skal halde før kvar vintersesong, der driftsleiing hjå entreprenør og byggleiing hjå Statens vegvesen deltek.<sup>9</sup>

---

<sup>8</sup> Statens vegvesen har sett krav til innhaldet i vinterplanen i handbok R763 kapittel C3 Spesielle kontraktsbestemmelser punkt 8.3.3 Vinterplan, møter og kompetanse.

<sup>9</sup> Jf. kapittel C3 Spesielle kontraktsbestemmelser punkt 8.3.3.a Vinterplanmøte. Tema for møtet er vinterplanen og sikker jobbanalyse (SJA) knytt til vinterdrifta. Statens vegvesen skal skrive referat frå møtet.

Vintermøte: Årleg møte som entreprenør skal arrangera for dei som skal arbeide med vinterdrift, inkludert leiing og reservepersonell.<sup>10</sup>

Vintermøte før kontraktens første vintersesong: Entreprenør skal arrangere eit møte med alle som arbeider med vinterdrifta inkludert leiing og reservepersonell. Møtet skal haldast i tillegg til det ordinære årlege vintermøtet.<sup>11</sup>

---

<sup>10</sup> Statens vegvesen skal inviterast til møte. Kontrakten set krav til kva møtet skal innehalde, jf. kapittel C3 Spesielle kontraktsbestemmelser punkt. 8.3.3b Vintermøte. Entreprenør skal skriva referat frå dette møte.

<sup>11</sup> Byggherre er ansvarleg for møteprogram og referat, jf. kapittel C3 Spesielle kontraktsbestemmelser pkt. 8.3.3b Vintermøte.



### 3. Gjennomføring og metode

Tilsynssaka er gjennomført som ein revisjon etter prinsipp i NS-EN ISO 19011 *Veiledning for revisjon av ledelsessystemer*, med visse tilpassingar.

Vegtilsynet sende varsel om tilsyn 05.01.2023. Det vart gjennomført opningsmøte med tilsynspart 24.01.2023 for å informere ytterlegare om tilsynssaka, gjere naudsynte avklaringar om gjennomføringa av tilsynet, og å opprette ein god dialog med tilsynspart.

Tilsynskriteria er utleidd frå kravet i veglova § 11 b om plikta til å bruke sitt eige styringssystem og Statens vegvesens eigne krav på området. Dei krava i Statens vegvesens styringssystem som er lagt til grunn for saka er prosessen «Følge opp og styre kontrakt - drift» i *Kvalitetssystemet*, handbok R763 *Utarbeidelse av konkurransegrunnlag. Mal for driftskontrakter vei* og krav i dei enkelte driftskontraktar. Utleiinga av kriteria er nærare omtala i kapittel 4. Det har vore dialog med tilsynspart for å gjere avklaringar om kva krav som gjeld.

Per september 2022 hadde Statens vegvesen 43 pågåande driftskontraktar. Undersøkinga omfattar driftskontraktar inngått etter 01.01.2020.<sup>12</sup> Dette utgjer totalt 22 driftskontraktar, av desse vart sju driftskontraktar inngått i 2020, åtte driftskontraktar inngått i 2021 og sju driftskontraktar inngått i 2022, sjå vedlegg 1 for oversikt over driftskontraktane. Undersøkinga og datainnhentinga er avgrensa til vintersesongen 2022/2023.

Ettersom utvalet er på 22 driftskontraktar har me i denne undersøkinga fastsett grensa for akseptabel feilandel på 10 %, slik at over 10 % feil gir eit avvik.

Vegtilsynet har innhenta og gjennomgått følgjande dokumentasjon for dei 22 driftskontraktane:

- Dokumentasjon som viser dato for når Statens vegvesen mottok vinterplanane for vintersesongen 2022/2023, der Vegtilsynet bad om å få opplyst dersom det var gjort endringar i frist for å sende inn vinterplanane.
- Vinterplanane for vintersesongen 2022/2023, hovuddokument utan vedlegg.

---

<sup>12</sup> Utvalet er avgrensa mot driftskontraktane som var inngått før 2020, ettersom desse vart inngått som del av sams vegadministrasjon og er felleskontraktar for fylkesvegar og riksvegar, og dei var inngått før omorganiseringa av Statens vegvesen.

- Dokumentasjon på at Statens vegvesen har gjennomgått og eventuelt kommentert vinterplanane for vintersesongen 2022/2023.
- Dokumentasjon på at det forelegg referat frå vinterplanmøta for vintersesongen 2022/2023.
- Dokumentasjon på at Statens vegvesen har mottatt referat frå vintermøte for vintersesongen 2022/2023 innan frist.
- Møteprogram og referat frå vintermøte før kontraktane sin fyrste vintersesong for vintersesongen 2022/2023.




For kvar kontrakt hadde Statens vegvesen lagt ved eit dokument som synte ei oversikt over innsendt dokumentasjon og eventuelle kommentarar til dokumentasjonen. I rapporten er dette dokumentet kalla «Oversikt over innsendt dokumentasjon».

Dokumentgjennomgangen dannar grunnlag for Vegtilsynet sine vurderingar i saka.

Tilsynspart har lagt forholda til rette for ein god dialog og ei effektiv gjennomføring av tilsynet.

## 4. Tilsynsresultat

Symbol som er brukt for å illustrere tilsynsfunna i rapporten går fram av tabellen under.

Symbol	Vurdering av samsvar med tilsynskriterium
	Avvik: Manglande samsvar med krav
	Observasjon: Forhold der ein gjennom tilsynet har sett at det er potensial for forbetring hjå tilsynspart
	Undersøkinga har ikkje avdekkja avvik eller observasjonar

Utkast til rapport vart lagt fram for tilsynspart 27.04.2023, med frist for å gi tilbakemelding på faktafeil. Tilsynspart gav slik tilbakemelding innan fristen og innspela er tatt omsyn til ved utarbeiding av endeleg tilsynsrapport.

### **Problemstilling 1: Sikrar Statens vegvesen at kontraktskrav til vinterplan vert følgt**

#### ***Tilsynskriterium 1.1: Statens vegvesen skal motta vinterplan innan fastsett frist***

#### **Utleiing av tilsynskriterium:**

Av driftskontraktane kapittel C3 punkt 8.3.3 *Vinterplan, møter og kompetanse* går det fram at «Vinterplanen skal årlig forelegges byggherren før» fastsett frist. Av handbok R763 *Utarbeidelse av konkurransegrunnlag. Mal for driftskontrakter vei*, same punkt, går det fram at fristen ikkje kan vera seinare enn 1. september.

Vegtilsynet legg til grunn at dette betyr at Statens vegvesen må kunne dokumentere at vinterplan er mottatt for komande sesong innan frist i kontrakt.

Avgrensing: Vegtilsynet har ikkje undersøkt årsakene til eventuelle fristbrot, eller om Statens vegvesen har iverksett tiltak når vinterplan ikkje er mottatt innan frist.

**Tilsynsbevis:**

Dokumentgjennomgangen viser at Statens vegvesen har mottatt alle dei 22 vinterplanane. Av desse var 13 vinterplanar mottatt innan fastsett frist. Gjennomgangen viser vidare at åtte vinterplanar var mottatt etter fastsett frist. Fristoverskridingane varierer frå om lag ei til ni veker.

For éin av driftskontraktane var det gjeve utsett frist, men det går ikkje fram av dokumentasjonen kva ny frist som vart sett. Vegtilsynet kunne difor ikkje avgjere om planen var mottatt innan frist.

**Vurdering:**

Det er viktig at vinterplanen vert mottatt innan frist slik at vurdering og eventuelle tilpassingar i planen (sjå òg tilsynskriterium 1.2) kan gjerast før vintersesongen startar. Undersøkinga har vist at åtte av 21 planar var mottatt etter fastsett frist. I eitt tilfelle kunne Vegtilsynet ikkje avgjere om planen var mottatt innan frist. Vegtilsynet vurderer at fristoverskridingane presentert over viser at tilsynskriteriet ikkje er etterlevd i tilstrekkeleg grad.

**Funn 1 – avvik**

Statens vegvesen har ikkje mottatt alle vinterplanar innan fastsett frist.

## **Tilsynskriterium 1.2: Statens vegvesen skal gjennomgå vinterplanen og eventuelt kommentere innholdet**

### **Utleiing av tilsynskriterium:**

Av driftskontraktane kapittel C3 punkt 8.1 *Krav til ledelsessystem for kvalitet, arbeidsmiljø og miljø* går det fram at «Byggherren vil gjennomgå entreprenørens planer og prosedyrer, og gi sine kommentarer til innholdet.» I driftskontraktane kapittel C3 punkt 8.3.3 *Vinterplan, møter og kompetanse* er det sett krav til kva vinterplanen skal innehalde. Det er oppgitt at planen «skal bl.a. beskrive og presentere» 14 punkt. I mal for driftskontrakt er det i tillegg to punkt som er valfrie.

Av prosessen «Følge opp og styre kontrakt – drift», under aktiviteten «Vurdere entreprenørens planer og prosedyrer», går det fram at Statens vegvesen skal vurdere entreprenørens planar og prosedyrar og gje tilbakemeldingar, med den hensikt å «[s]ikre at entreprenør har etablert fullverdige planer og prosedyrer som gir trygghet for leveranse iht. kontraktens bestemmelser.». Det står vidare at det «er viktig at SVV gir tilbakemeldinger på planer og prosedyrer som oppleves å være utilstrekkelige».

Vegtilsynet legg til grunn at dette betyr at Statens vegvesen skal kunne dokumentere at vinterplan er gjennomgått og eventuelt kommentert. Vidare legg Vegtilsynet til grunn at formålet med denne gjennomgangen er å sikre at det ligg føre fullverdige vinterplanar, som omtalar dei punkta det er krav om at planen skal beskrive og presentere.

Avgrensing: Vinterplanane som skal utarbeidast er omfattande dokument. Vegtilsynet fekk i forkant av undersøkinga avklart med Statens vegvesen at planane vert utarbeidd og dokumentert på ulike måtar, og at det er opp til entreprenør å vurdere korleis vinterplanen skal framstillast. Vegtilsynet gjorde basert på dette ei avgrensing av undersøkinga, og bad om å få tilsendt hovuddokument for vinterplanane som er mottatt for 2022, utan vedlegg. Ettersom delar av innhaldet som skal presenterast i vinterplanane kan vera i vedlegg, er det difor berre gjort ei overordna gjennomgang av i kva grad vinterplanane omtalar dei 14 punkta det i mal for driftskontrakt er stilt krav om. Vegtilsynet har ikkje gjort ei eigen vurdering av om vinterplanane er fullverdige.

**Tilsynsbevis:**

Dokumentgjennomgangen viser at vinterplanane er gjennomgått og kommentert. Det går vidare fram av gjennomgangen at Statens vegvesen har dokumentert vurdering av vinterplanane på forskjellige måtar. Det er m.a. vist til referat frå vinterplanmøte, formøte til vinterplan, byggemøte, arbeidsmøte, samarbeidsmøte og samhandlingsmøte, samt e-postkorrespondanse mellom Statens vegvesen og entreprenør. I tillegg er det for enkelte driftskontraktar lagt ved utfyllande kommentarar i notatet om innsendt dokumentasjon.

Den avgrensa gjennomgangen av mottekne vinterplanar for vintersesongen 2022/2023 viste at vinterplanane varierer i utforming, men i stor grad omtalar dei punkta det er sett krav til i driftskontraktane.

**Vurdering:**

Undersøkinga har vist at Statens vegvesen går gjennom og kommenterer vinterplanane. Det er viktig for vinterdrifta at alle punkt som er omtala i driftskontrakta vert beskrive i vinterplanen og at byggherren sikrar at det er utarbeidd fullverdige planar. Vegtilsynet registrerer at vurderinga av planane og dokumentasjon vert gjort på ulike måtar. Vegtilsynet har i denne saka ikkje grunnlag for å vurdere om dei ulike måtane å gjennomgå og kommentere vinterplanane er eigna eller om det er behov for meir sams praksis. Vegtilsynet vurderer difor at tilsynskriteriet er oppfylt.

Vidare gjekk det fram av dokumentasjonen at vinterplanane er omfattande dokument som varierer i utforming. Gjennomgangen viste at vinterplanane i stor grad omtalar dei punkta det er stilt krav til i driftskontrakten.

- Undersøkinga har ikkje avdekka avvik eller observasjonar.

**Problemstilling 2: Sikrar Statens vegvesen at kontraktskrav til møte i samband med oppstart av vinterdrift vert følgt.**

***Tilsynskriterium 2.1: Statens vegvesen skal halde vinterplanmøte før kvar vintersesong***

**Utleiing av tilsynskriterium:**

Av driftskontraktane kapittel C3 punkt 8.3.3a *Vinterplanmøte* går det fram at «Før hver vintersesong skal det avholdes et vinterplanmøte.». Deltakarar på møtet skal vera «driftsledelsen hos entreprenør og byggeledelsen hos byggherren» og tema for møtet er «vinterplanen og sikkerjobbanalyser (SJA) knyttet til vinterdriften». Det er krav til at byggherre «skal kalle inn til møtet» og «skrive referat fra møtet».

Vegtilsynet legg til grunn at når Statens vegvesen skal kalla inn til vinterplanmøte og dokumentere møtet med referat, så er det Statens vegvesen sitt ansvar at vinterplanmøta vert gjennomført.

***Tilsynsbevis:***

Dokumentgjennomgangen viser at 20 av 22 vinterplanmøte før vintersesongen 2022/2023 er gjennomført. For to av dei gjennomførte møta er det ikkje utarbeidd referat.

Statens vegvesen har dokumentert gjennomføring av vinterplanmøte ved å vise til referat frå vinterplanmøte, byggemøte og samhandlingsmøte. I tillegg er det for nokre av kontraktane lagt ved utfyllande kommentarar i eit eige notat om innsendt dokumentasjon.

***Vurdering:***

Vinterplanmøte er viktig for å sikre at driftsleiinga hjå entreprenør og byggeleiing hjå byggherre får ei felles forståing for vinterdrifta. Undersøkinga har vist at vinterplanmøta i all hovudsak vert gjennomført. Vegtilsynet vurderer at tilsynskriteriet i tilstrekkeleg grad er etterlevd.

Undersøkinga har vidare vist at det for to av dei gjennomførte vinterplanmøta mangla referat. Fleire av vinterplanmøta blei gjennomført, og referatført, i samband med andre

kontraktsfesta møte, blant anna byggemøte og samhandlingsmøte. Vegtilsynet ser at det kan vera føremålstenlege å gjennomføra vinterplanmøta samstundes eller i samband med andre møte, men det er viktig at formålet med vinterplanmøtet vert nådd og referatført.

- Undersøkinga har ikkje avdekka avvik eller observasjonar.



## **Tilsynskriterium 2.2: Statens vegvesen skal motta referat frå vintermøtet innan to veker etter avholdt møte**

### **Utleiing av tilsynskriterium:**

Av driftskontraktane kapittel C3 punkt 8.3.3b *Vintermøte*, under overskriften «Årlig vintermøte», går det fram at «[h]ver høst før vinterberedskapsperioden starter, skal entreprenøren arrangere et møte med de som arbeider med vinterdriften, inkl. ledere og reservepersonell.» Møtet skal innehalda ein gjennomgang av ni fastsette punkt, inkludert vinterplanen. Det er vidare stilt krav om at «Byggherren skal inviteres til møtet», og at «Entreprenøren skal skrive referat fra møtet, kopi skal sendes byggherren innen to uker etter avholdt møte.»

Vegtilsynet legg til grunn at dette betyr at Statens vegvesen skal kunne dokumentere at referat er mottatt innan frist.

Avgrensing: Vegtilsynet har ikkje undersøkt årsakene til eventuelle fristbrot, eller om Statens vegvesen har iverksett tiltak når referat frå vintermøta ikkje er mottatt innan frist. Vegtilsynet har ikkje vurdert innhaldet i referata.

### **Tilsynsbevis:**

Dokumentgjennomgangen viser at alle vintermøta er gjennomført. For sju av 22 vintermøte har Statens vegvesen mottatt referat innan frist, og for 15 vintermøte er referat mottatt etter frist.

Statens vegvesen har sendt skjermdump frå ELRAPP<sup>13</sup> som viser dato for mottatt referat frå vintermøte og dato for gjennomført vintermøte. For nokre kontraktar er det lagt ved utfyllande kommentarar i «Notat om innsendt dokumentasjon».

Dokumentgjennomgangen har vist at for åtte av driftskontraktane har Statens vegvesen sendt presentasjonar og deltakarlistar frå vintermøte som dokumentasjon på mottatt referat.

---

<sup>13</sup> ELRAPP er eit web-basert system som skal sikre oppfølging av oppgåvene i Statens vegvesen sine entreprisekontraktar, og til føring av oversiktslistar som alle entreprenørar er pålagt å utføre på vegne av Statens vegvesen for alle typar kontraktar. ELRAPP inkluderer entreprenørane si innrapportering av informasjon, Statens vegvesen sine eigne kontrollar, oppfølgingspunkt i kontraktar (fristar og avvik) og rapportering. ([www.vegvesen.no](http://www.vegvesen.no))

**Vurdering:**

Referatet frå vintermøta skal vise Statens vegvesen at møtet er gjennomført og at dei som skal arbeide med vinterdrifta har fått ein gjennomgang av sentrale punkt ved vinterdrifta. Undersøkinga har vist at 15 av 22 referat etter vintermøtet var mottatt etter fastsett frist. Vegtilsynet vurderer at fristoverskridingane presentert over viser at tilsynskriteriet ikkje er etterlevd i tilstrekkeleg grad.

Undersøkinga har vist at Statens vegvesen har mottatt presentasjonar og deltakarlistar for åtte av dei gjennomførte vintermøta. Vegtilsynet stiller spørsmål ved om presentasjonar og deltakarlistar er tilstrekkeleg dokumentasjon på referat. Etter Vegtilsynet si vurdering er det viktig at formålet med vintermøtet og behovet for dokumentasjon vert nådd.

**Funn 2 – avvik**

Statens vegvesen har ikkje mottatt alle referat frå vintermøte innan fastsett frist.

***Tilsynskriterium 2.3: Statens vegvesen skal sørge for at vintermøtet før første vintersesong vert gjennomført***

**Utleiing av tilsynskriterium:** Av driftskontraktane kapittel C3 punkt 8.3.3b *Vintermøte*, under overskrifta «Vintermøte før kontraktens første vintersesong», går det fram at:

«Høsten før kontraktens første vinterberedskapsperiode, skal entreprenøren i tillegg til det årlige vintermøtet arrangere et møte med alle som arbeider med vinterdriften, inkl. ledere og reservepersonell. Byggherren skal inviteres til møtet og skal være ansvarlig for møteprogrammet. Møtet skal mellom anna innehalde ein gjennomgang av temaa «Trafikksikkerhet» og «HMS-forhold ved vinterdrift».

Det er stilt krav om at byggherren «skal skrive referat fra møtet» og at «kopi skal sendes entreprenøren innen to uker etter avholdt møte».

Etter avklaringar med tilsynspart om at Statens vegvesen er ansvarleg for møteprogrammet, skal delta i møtet og skrive referat, legg Vegtilsynet til grunn at dette betyr at Statens vegvesen skal sørge for at vintermøtet før fyrste vintersesong vert gjennomført.

Avgrensing: Denne undersøkinga gjeld dei sju driftskontraktane som vart inngått i 2022. Vegtilsynet har ikkje vurdert innhaldet i referata.

***Tilsynsbevis:***

Dokumentgjennomgangen viser at det er gjennomført fem av sju vintermøte før første vintersesong. Alle dei gjennomførte møta er dokumentert med møteprogram som inneheld trafikksikkerheit og HMS-forhold. Dokumentgjennomgangen viser at det er sendt inn dokumentasjon på referat for fire av dei fem møta. For tre av desse er det sendt inn presentasjonar og deltakarlistar som dokumentasjon på gjennomført møte. For eitt møte manglar dokumentasjon på gjennomført møte. I tillegg er det for nokre kontraktar lagt ved utfyllande kommentarar i eit eige dokument.

For éin driftskontrakt er det ikkje lagt fram møteprogram, og som dokumentasjon på gjennomført møte er det vist til gjennomføring av det ordinære vintermøtet og entreprenørs referat frå det møtet.

For éin driftskontrakt er det opplyst at vintermøte før kontraktens første vintersesong er utsett til 2023, då dette var vurdert som meir føremålstenleg.

### **Vurdering:**

Vintermøte før kontraktens første vintersesong skal mellom anna omhandla trafikksikkerheit og HMS-forhold ved vinterdrifta, og slik bidra til at alle som arbeider med vinterdrifta, inkludert reservepersonell og leiing, får ein gjennomgang av desse sentrale punkta. Etter Vegtilsynet si vurdering er det viktig at møtet vert gjennomført slik at dette formålet vert oppnådd.

Utvalet i denne delen av tilsynssaka er avgrensa til dei sju driftskontraktane som vart inngått i 2022. Undersøkinga har vist at dei fleste møta har blitt gjennomført og at møteprogramma er dekkande. For éin kontrakt er gjennomføringa av møtet utsett og denne avgjerda er grunngjeve. Vegtilsynet vurderer, på bakgrunn av storleiken på utvalet og resultatet frå undersøkinga, at det ikkje er grunnlag for å konstatere avvik eller gje ein observasjon.

Undersøkinga har vist at det manglar dokumentasjon på gjennomføring av eitt møte, og at det er det sendt inn presentasjonar og deltakarlistar for tre av møta. Vegtilsynet stiller spørsmål ved om presentasjonar og deltakarlistar er tilstrekkeleg dokumentasjon på referat.

- Undersøkinga har ikkje avdekket avvik eller observasjonar.

## 5. Konklusjon

For å sikre trafikktryggleiken og framkomst på vegen om vinteren, har Statens vegvesen fastsett standardkrav for vinterdrifta. Standardkrava dannar grunnlaget for driftskontraktane som vert inngått mellom Statens vegvesen som byggherre og entreprenørane som utfører vinterdriftsoppgåvene. Vegtilsynet har i tilsynssaka undersøkt krava i driftskontraktane som gjeld vinterplan og gjennomføring av vintermøte og vinterplanmøte.

Samla sett viste tilsynssaka at Statens vegvesen i hovudsak sikrar at kontraktskrava til vinterplan vert følgt. Alle vinterplanar vert mottatt, gjennomgått og kommentert, men åtte av 22 planar vart mottatt etter frist. Det er viktig at vinterplanar vert mottatt innan frist slik at vurdering og eventuelle tilpassingar i planane kan gjerast før vintersesongen startar.

Tilsynssaka viste vidare at kontraktskrava til gjennomføring av vintermøte og vinterplanmøte i hovudsak vert følgt. Dei fleste vinterplanmøta og alle vintermøta vart gjennomført, men 15 av 22 referat frå vintermøte vart mottekne etter frist. For vintermøta før første vintersesong viste tilsynssaka at dei fleste møta var gjennomført, men at dei mangla fleire referat. Vintermøta er viktig for å sikre at dei som skal utføre vinterdriftsoppgåvene har fått ein gjennomgang av sentrale punkt ved vinterdrifta. Vinterplanmøta er viktig for å sikre at driftsleiinga hjå entreprenør og byggeleiinga hjå byggherre får felles forståing for vinterdrifta.

## Vedlegg 1: Driftskontraktar i utvalet

Område	Kontraks- periode	Kontraktsnamn
ØST 1	2020-2025	9107 Gudbrandsdalen 2020-2025
ØST 1	2020-2025	9108 Østerdalen 2020-2025
SØR	2020-2023	9202 Nedre Telemark og Vestfold 2020-2023
SØR	2020-2023	9203 Sørlandske 2020-2023
MIDT	2020-2023	9400 Sunnmøre 2020-2023
MIDT	2020-2025	9401 Trondheim 2020-2025
NORD 3	2020-2024	9502 Salten 2020-2025
ØST 1	2021-2026	9102 Hallingdal og Valdres 2021-2026
ØST 2	2021-2026	9104 Oslo-Gardermoen 2021-2026
VEST 3	2021-2026	9302 Haugesund 2021-2026
VEST 1	2021-2026	9304 Bergen 2021-2026
VEST 2	2021-2026	9305 Sunnfjord 2021-2026
MIDT	2021-2025	9402 Steinkjer 2021-2025
NORD 3	2021-2026	9503 Midtre Hålogaland 2021-2026
NORD 1	2021-2026	9506 Vest-Finnmark 2021-2026
ØST 2	2022-2027	9101 Drammen 2022-2027
ØST 2	2022-2027	9103 Østfold-Follo 2022-2027
ØST 1	2022-2027	9106 Gjøvik-Romerike 2022-2027
VEST 3	2022-2027	9301 Stavanger 2022-2027
VEST 1	2022-2027	9303 Hardanger og Sogn 2022-2027
MIDT	2022-2027	Nordmøre 2022-2027
NORD 2	2022-2027	Nord Troms 2022-2027